



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Yvonne Hauge

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/147876-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.10.2017

Uttale – Avkøyrsløp – Fv. 409 – Gnr. 17 bnr. 1 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 07.09.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å oppgradere ein gangveg til køyrbar stand. Føremålet er at ein skal ha moglegheit til å køyre fram til eksisterande fritidsbustader. I samband med dette er det søkt om utvida bruk av avkøyrsløp frå fylkesveg 409 ved Rossnes ferjekai.

Saksgang:

Eigedomen er regulert gjennom ein godkjent reguleringsplan *Rossnes (1982)*. Det er difor Radøy kommune som er rett planmynde. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker.



Utsnitt: Reguleringsplan for Rossnes ved Rossnes ferjekai, fv. 409.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vurdering:

Det går frem av søknaden at det ikkje er ikkje planlagt for nye eller fleire fritidsbustader innan planområdet. Parkering skal løysast på same måte som i dag. Det skal heller ikkje byggast ny avkøyrsløp, men ein skal utvide ein eksisterande. Det er i søknaden problematisert at gangvegen også kan nyttast av mellom anna septikbil og brannvesen.

Planen er ein eldre plan med andre kvalitetar enn det ein stiller krav til i dag. Det kjem ikkje tydeleg fram av planen kor avkøyrsløpet til offentleg veg er. Ferjekaia er lagt ned og det kan sjå ut til at siste del av vegen på kaiområdet er registrert som privat veg, sjølv om arealet er eigd av Hordaland fylkeskommune. Vi vurderer ut i frå dette at det ikkje vert opna for ny eller endra bruk innan området enn den trafikk som allereie er der i dag, og som det er opna for i plan. Dersom kommunen vurderer dette annleis ber vi om tilbakemelding på dette.

Ut i frå dei opplysningane vi har mottatt og med bakgrunn i at området er regulert har vi ikkje merknader til tiltaket. Vi gjer likevel merksam på at dersom det vert planlagt for fysiske inngrep på kaiområdet må dette avklarast med vår eigdomssekksjon.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.